



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato:	18.10.2019	Vår ref:	2019/10904
Dykkar dato:	14.05.2019	Dykkar ref:	14/1857

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - Lindås - 55/1 2 m fl - Bruvoll - detaljregulering - ref 13/15943 FMHO

Vi viser til melding om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Bruvoll. Vi viser øg til brev av 22.12.2017 der kompetanse til å samordne motsegn ble delegert til Fylkesmannen.

Fylkesmannen har fått høringsfrist til å gje samordna uttale til etter dialogmøte mellom kommunen, Statens vegvesen og Fylkesmannen.

Bakgrunn

Planen legg til rette for bustar og er i hovudsak i samsvar med overordna plan. Framlegg til reguleringsplan for Bruvoll bustadområde har tidlegare vore fremja, men kommunen meinte då at innhald og omfang av planen burde arbeidast meir med før ein ville godkjenne framlegget for høyring og offentleg ettersyn.

Framlegget til plan er no endra og har i seg eit lågare utbyggingsvolum, 27 bueiningar. Vidare er det mellom anna jobba med terrengtilpassing, vegutforming og ei gjennomførbar klargjering av ei teknisk løysing, særleg for vatn og avlaup.

Statleg samordning

I denne saka har Fylkesmannen motteke varsel om motsegn frå Statens vegvesen (SVV), der det er peika på at deler av planen kan stride mot statlege omsyn. I uttalen vert det peika på følgjande:

«Planframlegget tilfredsstiller ikkje nasjonale interesser når det gjeld trafikktryggleik. Trafikale løysinger er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, og siktkrava er ikkje tilstrekkelege til å ivareta trafikktrygg framkomst. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst, og som forvaltar av fylkesvegnettet.»

Statens vegvesen ber om at ein i det vidare planarbeidet legg til rette for ein dialog som sikrar at dei regulerte løysingane er gjennomarbeidd og gir tilfredsstillande trafikktryggleik for både mjuke trafikantar og køyranne. Vidare må ein sikre at bruva til austre del av planområdet er dimensjonert for trafikkauken.»



Vi viser elles til Statens vegvesen sin uttale datert 21.06.19, i sin heilskap.

Fylkesmannen si vurdering – dialogpunkt

Fylkesmannen har elles vurdert planen ut frå eige sektoransvar for medverknad i plansaker.

Planforslaget er i hovudsak i samsvar med overordna plan, men det er behov for å diskutere temaat støy, universell utforming og tal einingar.

Støy

Planområdet er utsett for støy frå veg. Planen manglar omsynssone støy og føresegna må klargjerast slik at dei vert knytt opp mot at uteoppahaldsareal må få lågare støy en $L_{den} = 55$ dB i samsvar med støyretningslinjene

Universell utforming

Føresegn 1.4.1: «*Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn i planområdet i samsvar med gjeldande kommuneplan*». Vi kan ikkje sjå at kommuneplanen er veldig konkret på dette punktet. Det må kome klart fram kva som gjeld for planen.

Tal bustader

Det vert lagt opp til 27 nye bustader i planområdet. Planområdet ligg usentralt til og ein skal difor ikkje opne for, for mange bustader her.

Utvila dialog med kommunen

I tråd med rutinane for samordning av statlege organ har Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Møtet vart halde den 20.08.2019 i Statens hus.

Til stades frå Lindås

Ståle Hauge, leiar plan- og miljøutvalet

Hogne Haugsdal, assisterande rådmann

Kristin Nåmdal, leiar plan og analyse i Alver kommune

Kristin Nielsen, planleggjar

Kaia Marie Amland, planleggjar

Hans Kristian Dolmen, rådgjevar

Torunn Åsheim, Multiconsult

Til stades frå Fylkesmannen

Lars Sponheim, fylkesmann

Egil Hauge, seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe, seniorrådgjevar

Til stades frå Statens Vegvesen:

Sindre Lillebø, seksjonssjef

Marianne Skulstad, senioringeniør

Tema som vart drøfta



Fylkesmannen ønska velkommen og dialogpunktene vart så presentert og diskutert. Nedanfor gjev vi att konklusjonane på dei einiske punkta.

Statens vegvesen sine dialogpunkt

Statens vegvesen sine dialogpunkt vart drøfta først.

Planen manglar ein total trafikksikkerheitsvurdering både når det gjeld kryssløysing, siktlinjer, trygg tilkomst for gåande og vurdering av eksisterande bru.

Det er sannsynlegvis naudsynt å utvide planområde for å få ei god nok kryssløysing. Statens vegvesen kan vere med på synfaring når dei har mottatt ei ny skisse til kryssløysing.

Plassering av leikeplass f_BLK1 vart diskutert og det var semje om at denne er uehdlig plassert. I videre planarbeid bør ein forsøke å gi leikeplassen ein meir barnevennleg plassering utanfor byggegrense mot veg og utanfor støysone.

Det vart konkludert med at det er naudsynt å arbeide vidare med planen. Fylkesmannen kjem ikkje til å avskjere motsegn frå Statens vegvesen.

Fylkesmannen sine dialogpunkt

Det vart semje om at tal bueiningar i planen er akseptabelt i høve til våre interesser.

Det vart fremja motsegn til handtering av støy og handtering av universell utforming i planen.

Konklusjon

Det ligg føre motsegn til planen på temaatrafikktryggleik, støy og universell utforming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN